

**Samarbeidsavtale om praksis og utdanning mellom**  
**Høgskulen på Vestlandet, fakultet for helse- og sosialvitenskap**  
**og**  
**Bømlo kommune**

**1. Partar i avtalen**

Dette er ein samarbeidsavtale om praksis og utdanning mellom Bømlo kommune, (heretter kommunen) og Høgskulen på Vestlandet, fakultet for helse- og sosialvitenskap (heretter høgskulen/HVL). Samarbeidsavtalen kan verte supplert med underordna avtalar og retningslinjer i den grad partane finn det hensiktsmessig. I tillegg kan det vere aktuelt å inngå avtalar om forskingssamarbeid.

**2. Formål**

Avtalen skal bidra til at partane oppfyller lovkrav for samarbeid om utdanning, slik dei særleg er skildra i Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høgare utdanning og Forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanningar, Nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningane, samt andre relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav.

Føremålet med avtalen er at partane i samarbeid skal bidra til at utdanninga er av god kvalitet, er relevant og kunnskapsbasert. Tilretteleggingsarbeid omfattar særleg tilgang til pasientar/brukarar og pasient/brukardata i utdannings-samanheng, involvering i utvikling av studieplanar, gjensidig utveksling av informasjon som har relevans for partane si utdanningsverksemd, samt optimal ressursutnytting. Ei viktig målsetting er å sikre synergieffektar og einast om praktiske løysingar knytt til det organisatoriske og faglege samarbeidet som kan bidra til auka kvalitet innan partane utdanningsverksemd.

Avtalen regulerer den faglege gjennomføringa av praksis og andre forhold som er av betydning for studentane sitt læringsutbytte, og for kvaliteten i praksisopphaldet. Dette inneber mellom anna at avtalen skildrar partane sine rettar og plikter.

**3. Omfang**

Denne avtalen omfattar praksisplassar for studentar på bachelor, master- og vidareutdanningar ved fakultet for helse- og sosialvitenskap. Partane skal legge til rette for utdanningsaktivitet, sett i samanheng med andre kjerneoppgåver, slik at partane kan oppfylle sine utdanningsoppdrag. Det skal vere jamleg dialog (jf.pkt 5.1) mellom HVL og kommunen om den totale kapasitet for å ta imot studentar i praksis.

#### 4. Ansvar og roller

HVL har ansvar for utvikling og kvalitetssikring av studieprogramma, samt for vurdering av studentane sine kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse. Fagmiljøa ved HVL skal ha relevant og oppdatert kunnskap frå praksisfeltet. HVL har hovudansvar for evaluering av praksisstudiar og skal bistå praksisrettleiar i pedagogiske spørsmål, planlegging av læringsaktivitetar, rettleiingsmetodikk samt vurdering av skikkaheit og bestått/ikkje bestått praksis.

Kommunen har ansvar for å tilby relevante læresituasjonar og gode læringsarenaer, kunnskapsbaserte tenester og rettleiarar med relevant kompetanse og erfaring frå praksisfeltet. Kommunen skal sørge for at praksisrettleiar normalt er av same profesjon som den som vert rettleia og har relevant fagleg kunnskap.

Partane kan mellom anna samarbeide om:

- revisjon og utvikling av studieprogram
- utviklingsarbeid knytt til å skape samanheng mellom teori og praksis i samsvar med faglege, pedagogiske og organisatoriske endringar
- utvikling av praksisarenaer og rettleiingsmodellar
- utvikling av modellar for tverrprofesjonell samarbeidslæring i praksisfeltet
- kombinerte og delte stillingar mellom kommunen og HVL (sjå kap.7)

#### 5. Samarbeid om praksisstudiar

Samarbeidet skal bidra til at praksisstudia er kunnskapsbaserte, relevante og av god kvalitet, og i tråd med studieplanar og nasjonale retningslinjer og forskrifter. Rettleiingsoppgåver i praksisstudiar skal inngå i personal- og verksemdsplanlegging i kommunen og ved høgskulen

##### 5.1 Planlegging

- a) HVL melder behov for praksisplassar og praksisperiodar for påfølgande studieår innan 1. april. Kommunen gjev tilbakemelding om tilbod om praksisplassar for påfølgande studieår innan 1. mai. Men det er mogeleg å justere tal for vårsemesteret innan 1.oktober. For enkelte utdanningar kan det være hensiktsmessig med ei anna rutine for å melde behov og tilbod. Der partane er einige, skal anna rutine inngå i eigen særavtale.
- b) Partane skal ha definerte kontaktpersonar som koordinerer praksisplassar. Kommunen og HVL skal halde kvarandre løpande informert om kven som har dette ansvaret.
- c) Partane skal ha samarbeid om praksis for innkommande internasjonale studentar
- d) Ved nye utdanningstilbod som inkluderer kliniske praksisstudiar skal eventuelle behov for praksisplassar vere avklara før studiet vert etablert.
- e) Læringsutbytteskildringar for praksisperiodane vert utarbeida, vidareutvikla og evaluerast i eit samarbeid mellom partane.
- f) Læringsaktivitetar og lærings situasjonar i praksisstudiar vert identifisert og tilrettelagt i i et samarbeid i tråd med læringsutbytteskildringane.
- g) HVL har ansvar for å tilby rettleiarutdanning for praksisrettleiarar. Kommunen har ansvar for at tilsette kan delta på desse, samt på praksisrettleiarseminar eller liknande.
- h) Partane har eit felles ansvar for tilrettelegging slik at kontaktlærar kan bli inkludert i praksisfeltet og får moglegheit for hospitering.

- i) Partane samarbeider om å førebu studentane for praksisstudiar før dei startar
- j) Partane skal i eit samarbeid sikre rutinar for praktisk tilrettelegging for praksisstudiar, som IKT-tilgangar, arbeidstøy, teieplikterklæring, politiattest, skadar i praksisstudiar medisinsk testing og vaksinasjonar.
- k) Studentar i praksis er som arbeidstakarar å rekne med omsyn til rettar og plikter omkring utføring av dei oppgåver som inngår i praksisen. Studentar som vert utplassert i kommunen som et ledd i undervisninga er forsikra etter Lov om yrkesskadeforsikring.
- l) Utgifter til leige av uniformer for studentar vert dekkja av praksistilbydar.

## 5.2 Gjennomføring

Begge partane har ansvar for å følge opp studentar i rettleia praksis og observasjonspraksis:

- a) Praksisstaden i kommunen har ansvar for dagleg rettleiing og oppfølging
- b) Praksisstaden i kommunen har ansvar for at studentane får ta del i arbeidsfellesskapet
- c) HVL v/kontaktlærer har ansvar for å vere i dialog med praksisrettleiar angående studentar sine læringsprosessar, bistå praksisrettleiar i pedagogiske spørsmål, planlegging av læringsaktivitetar og rettleiingsmetodikk
- d) Praksisrettleiar har ansvar for å melde frå til HVL v/kontaktlærer på et tidleg tidspunkt dersom studentar er i fare for ikkje bestått praksis eller det er tvil om student er skikka
- e) HVL har hovudansvar for å sikre at formelle krav og rutinar knytt til skikkavurdering av og vurdering av bestått/ikkje bestått, vert følgt
- f) HVL har ansvar for at kontaktlærer er fagleg oppdatert i praksisfeltet sine problemstillingar og oppgåver

## 5.3 Evaluering og kvalitetssikring

HVL har hovudansvar for evaluering av praksisstudiar. Evalueringa skal gjennomførast i samarbeid med studentar og praksisfeltet og i tråd med rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane ved HVL. Evalueringsform, hyppigheit og oppfølgingsform vert fastsett av HVL. Evalueringar av praksisstudiar vert utforma slik at alle partar blir ivareteke og kan nyttiggjere seg desse i forbetningsarbeidet. Resultata skal gjerast kjend i organisasjonane og dannar grunnlag for kontinuerleg forbetningsarbeid.

## 6. Samarbeid om master- og vidareutdanningar

HVL kan invitere praksisstadar i kommunen med inn i arbeidet med utarbeiding og vidareutvikling av kliniske master- og vidareutdanningstilbod slik at helse- og sosialtenesta sine behov for framtidig kompetanse kan ivaretakast i studieprogramma. Dersom det er mogleg skal kommunen legge til rette for at masterstudentar frå HVL får tilgang til ulike typar datainnsamling i samband med masteroppgåver.

Partane skal i eit samarbeid sikre/utarbeidde rutinar som regulerer/skilddrar dialog om tema for masteroppgåver, datainnsamling og undervisning.

## **7. Personalsamarbeid og samarbeid om delte stillingar**

Tilsette i delte stillingar, timelærarar og rettleiarar for bachelor- og masteroppgåver er særst viktig for å auke personalet sin kompetanse og sikre relevans og kvalitet i utdanningane, både i kommunen og på høgskulen. Partane skal legge til rette for slike stillingar/oppdrag hjå kvarandre og i samarbeid utarbeide retningslinjer.

Avtalepartane har eit ansvar for å utvikle dei som har slike stillingar sin kompetanse og nytte kompetansen for å bidra til kvalitet og relevans i utdanningane, samt til utvikling av kommunen som læringsarena for studentar. Det skal gå klart fram av arbeidsavtalar kor stor del av arbeidstida som skal gå med til engasjement ved den enkelte institusjon og kva arbeidsoppgåvene inneber.

## **8. Organisorisk samarbeid/Samarbeidsarena**

Det skal haldast eit årleg møte mellom høgskulen og kommunen. Dette kan vere eit fysisk eller digitalt møte, og kan vere med enkeltkommune eller med fleire kommunar i ein region. Tema for årleg møte er:

- Saker som vert regulert av samarbeidsavtalen
- Kapasitet på praksisplassar
- Planlegging og gjennomføring av praksisstudiar
- Gjensidig informasjon

Deltakarar på årlege samarbeidsmøte er:

- Frå kommunen: representantar frå leiinga
- Frå høgskolen; representantar frå leiinga

Høgskulen har ansvar for å kalle inn. Begge partar har ansvar for å sørge for at årleg møte blir gjennomført.

## **9. Tvistar**

Dersom det oppstår tvist om tolking eller gjennomføring av denne avtalen skal dette løysast gjennom drøftingar eller reforhandlingar mellom partane.

## **10. Avtaleperiode**

Denne avtalen gjeld frå signering og til han vert sagt opp av ein av partane med eitt års varsel. Avtalen skal reviderast dersom forhold som inneber påverking av partane sitt ansvar, plikter eller rettar inntreff.

## 11. Signering

Denne avtalen er i 2 eksemplar. Kvar part beheld eitt eksemplar.

Stad, dato:

And Gunn Løkelingsland Statland 7/5-20

Bømlo kommune  BØMLO KOMMUNE  
Rådmannen  
5430 Bremnes

Randi Skar

Dekan,

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Høgskulen på Vestlandet

Bergen 05.03.20